

Informasjon for deg som er tatt opp som hospitant ved Det humanistiske fakultet, Universitetet i Bergen

(revidert 30. april 2010)

Semesterregistrering

StudentWeb er ei nettbasert teneste for alle studentar ved UiB. Tenesta krev identifisering med fødselsnummer og PINkode. StudentWeb finn du på <http://studentweb.uib.no>.

For å logge deg på StudentWeb treng du fødsels- og personnummeret ditt og ein personleg PIN-kode. PIN-koden til StudentWeb får du ved å gå til <http://studentweb.uib.no/>, skrive inn fødselsnummeret ditt og klikke på knappen 'Send PIN-kode med e-post'.

På StudentWeb finn du også studentnummeret ditt, som du treng for å opprette ein brukarkonto.

På StudentWeb kan du:

- melde deg til undervisning og vurdering i aktuelle emne
- sjå vurderingsmeldingane dine
- sjå eksamensresultata dine
- annullere/endre vurderingsmeldingar
- bestille karakterutskrift
- endre semesteradresse
- endre PIN-kode
- finne oversikt over kva vi rapporterer til Lånekassen

Brukarkonto

Som student ved UiB må du ha tilgang til datatenester for å kunne gjennomføre studia dine. For å kunne nytte deg av desse tenestene må du opprette ein eigen brukarkonto ved UiB.

Brukarkontoen gir deg:

- personlege sider (Mi side), der du mellom anna har tilgang til nettbaserte læringsressursar og relevant undervisningsinformasjon
- eiga e-postadresse
- tilgang til PC-stover og utskrifts- og kopieringstenester
- oppkopling til UiB frå eigen PC

Korleis skaffe deg brukarkonto?

Når du har registrert deg på StudentWeb, kan du opprette ein brukarkonto. Det gjer du ved å gå inn på sebra.uib.no og følgje instruksjonane der. Dette bør du gjere så raskt som mogleg etter at du har registrert deg. Merk deg at det kan ta inntil ein time frå du har registrert deg til du kan opprette brukarkonto.

Du treng fødselsnummeret, studentnummeret og PIN-koden din for å kunne opprette ein brukarkonto. PIN-koden til StudentWeb finn du ved å gå til <http://studentweb.uib.no/> og klikke på knappen 'Send PIN-kode med e-post'.

OBS! Dersom du ikkje har betalt semesteravgifta innan 1. september om hausten eller 1. februar om våren, vil brukarkontoen automatisk bli avslutta.

Semesterkort

Når du både har betalt semesteravgifta og registrert deg på StudentWeb, vil du få tilsend ei semesterkvittering i posten som ei stadfesting på semesterregistreringa di. Denne kvitteringa inneheld semesterkortet ditt. Du treng semesterkortet når du skal hente studentkortet.

Studentkort

Alle studentar ved UiB må skaffe seg eit studentkort. Studentkortet fungerer som:

- identitetskort
- nøkkeltkort
- lånekort ved Universitetsbiblioteket
- inngangskort til Studentsamskipnaden sine treningssenter
- betalingskort ved utskrift og kopiering

Fotografering og bestilling av studentkortet ordnar du ved Kortsenteret på Studentsenteret, Parkveien 1. Du må vise gyldig legitimasjon ved fotografering, og du må vere semesterregistrert seinast dagen før fotograferinga. Utlevering av studentkort skjer ved Kortsenteret om lag ei veke etter bestilling. Du må vise gyldig semesterkort når du hentar studentkortet.

Adresse: Studentsenteret, Parkveien 1.

E-post: kortsenteret@eia.uib.no

Telefon: 55 58 99 07

Studielån

Søknadsinformasjon og søknadsskjema finn du på Lånekassen si nettside, www.lanekassen.no. Her finn du også informasjon om regelverket og om korleis du kan opprette «Dine sider» med din personlege kundeinformasjon. Utbetaling av lånebeløp vert ikkje gjort før UiB melder frå til Lånekassen om at du har semesterregistrert deg, det vil seie at du både har betalt semesteravgifta og registrert deg på StudentWeb.

Informasjons -og rettleiingstenester

Infosenteret ved HF ligg i 1. etasje, Sydneplassen 12/13, og alle studierettleiarane ved fakultetet kan treffast her til ulike tider. Det er alltid ein rettleiar til stades i skranken. På Infosenteret ved HF får du:

- informasjon om fag, emne, reglar, utveksling osv.
- høve til å avtale personlege rettleiingstimar
- ulike skjema, til dømes søknadsskjema
- hjelp til å registrere deg

Hos ein studierettleiar kan du mellom anna diskutere:

- informasjon om studietilbodet ved fakultetet
- hjelp når du ikkje meistrar studia

- gjeldande regelverk
- endring av emneval

Kontakt Infosenteret dersom du er usikker fordi du:

- er i tvil om kva fag og emne du kan eller vil ta
- har andre spørsmål som dette heftet ikkje har gitt svar på

Adresse: Sydneplassen 12/13, 1. etasje.

Inngang rundt hjørnet (nummer 2 på kartet). Opningstider: måndag–fredag 09.00–15.00, onsdag 10.00–15.00.

E-post: studierettleiar@hf.uib.no.

Telefon: 55 58 93 70 (09.00–15.00)

Informasjonssenteret ved Utdanningsavdelinga

Informasjonssenteret ved Utdanningsavdelinga er ansvarleg for ei rekkje studieadministrative tenester du nyttar gjennom semesteret.

Adresse: Langes gate 1–3

Opningstid: måndag–fredag 09.00–13.00, torsdag 10.00–15.00 (mandag–fredag 09.00–15.00 veke 33/34)

E-post: infosenter@ua.uib.no

Telefon: 55 58 21 40

Generelle tenester:

- hjelp til å bruke StudentWeb
- karakterutskrift
- namneendringsregistrering
- studentstadfestingar

Studentar med funksjonsnedsetjing:

- rådgiving om tilrettelegging av studia
- rettleiing av studentar med lese-og skrivevanskar (dysleksi)

Studentsamskipnaden i Bergen

Studentlivet er meir enn studia – difor finst Studentsamskipnaden. Når du har betalt semesteravgifta til SiB, kan du nytte alle SiB sine tilbod. SiB gir deg positive kvardagsopplevingar!

På Studentsenteret har vi samla dei fleste av SiB sine tilbod under eitt tak:

Studia

Dette er studentane sin eigen fagbokhandel. Her finn du pensumbøker og alt du treng til studia.

Studentrådgivningen

Her får du individuelle råd og rettleiingstimar, og tilbod om ei rekkje spennande og nyttige kurs i mellom anna eksamensmeistring, ta ordet eller studieteknikk. Heilt gratis. Ta kontakt på studentradgivningen@sib.no

Studentenes psykiske helsetjeneste (SPH)

Gratis psykologtilbod til studentar. Kort ventetid. Besøk oss på Studentsenteret eller bestill time på telefon 55 54 51 45.

Refusjon av legeutgifter

SiB refunderer dine legeutgifter når dei overstig 350 kr i løpet av eit år. Hos legen får du Folketrygdens Kvitteringskort, ta vare på kortet og ta det med til SiB for å få pengane dine tilbake. Tilbakebetalinga skjer på Studentsenteret. Dersom du har større utgifter til kiropraktor, fysioterapi og liknande kan du søkje om støtte frå Helsefondet. Les meir om retningslinjer på sib.no/helse

Tannhelseteneste

Studentane har fått ei eiga tannhelseteneste på Årstad. Her får du tannundersøkingar til prisar på linje med offentlege satsar. Telefon 55 20 64 58/ 59
Helsestasjon

SiB og Engen Helsestasjon samarbeider om å gi eit gratis helsetilbod med fokus på studentar si seksuelle helse. På Engen Helsestasjon får du gratis reseptar og kondom, test av kjønnsjukdommar og råd om sex og samliv. Opent måndag, tysdag, onsdag 15.30–18.00. Inga timebestilling, trekk kølapp når du kjem.

Karrieresenteret

Du kan besøke senteret gjennom heile studieløpet. Vi hjelper deg med CV, jobbsøknader og karriererettleing. Vi har også eigne prosjekt som Karrivalen, Sommarjobb-torget og Trainee vest.

Les meir om tilboda på sib.no

Studentprestane

Når livet blir for stort eller for lite

- Ønskjer du ein å dele tankane dine med?
- Treng du ein å snakke med når livet kjennast vanskeleg?
- Har du spørsmål om tru eller tvil?

Prestane har tid. Tid til å lytte, tid til å prate. Studentprestane er tilsette av Den Norske Kyrkja og er tilknytte Studentmenigheten i Bergen.

Adresse: Studentsenteret, Parkveien 1

Kontakt: Kan treffast etter avtale

E-post: studentprest@uib.no

Telefon: 55 58 47 14 / 55 58 94 45

IKT-tenester

Uib.no/utdanning og Mi side

På uib.no/utdanning finn du mellom anna oversikter over fagtilbod, studieplanar og rettleiings- og velferdstenester.

Mi Side er ei personleg side med samla tilgang til relevante faglege og administrative ressursar, til dømes kalender med timeplan-informasjon, pensum, emneinformasjon, meldingsteneste, personleg fillager og diskusjonsgrupper. For å få tilgang til desse ressursane

må du logge deg på Mi side. Svært mykje av den faglege og administrative informasjonen blir formidla via Mi Side, og UiB ventar at du tek denne tenesta i bruk.

Brukarstøtte

På uib.no/utdanning finn du oversikt over PC-stover, brukarretteiing for oppkopling av heime-PC, oversikt over tilrådd utstyr og annan nyttig brukarinformasjon. Vi rår deg til å gjere deg kjent med innhaldet på desse sidene.

Eiga e-postadresse

Når du har oppretta ein brukarkonto, får du automatisk ei eiga, personleg tilpassa e-postadresse; vanlegvis `namn.etternamn@ student.uib.no`. Det er denne e-postadressa UiB bruker for å sende ut e-post til deg personleg.

På webmail.uib.no kan du lese og sende e-post frå ein vanleg nettlesar.

Webmail.uib.no har god lagringskapasitet i tillegg til spam- og viruskontroll. Ein del av e-posten du får frå UiB inneheld store vedlegg med forelesingsnotat, tekstar og artiklar osv. Ikkje gløym at adressa også kan brukast i MSN Messenger.

Hugs å lese e-posten din dagleg!

Oppkopling til UiB frå eigen PC

Alle som har ein brukarkonto kan kople seg opp mot UiB heimanfrå med eigen PC eller Mac, via vanleg modem, ISDN eller ADSL.

Studentbustadene til Studentsamskipnaden i Bergen har gratis oppkopling til UiB. I tillegg kan du bruke din eigen berbare PC på universitetsområdet og kople deg opp til UiB, anten i trådlause soner eller på faste punkt plassert rundt om på universitetsområdet. Dersom du ønskjer å ta i bruk desse tenestene, kan du finne meir informasjon om dette på uib.no/utdanning.

Skal du bruke eigen PC må du sjå til at han er fri for virus. Maskiner som er virusinfiserte blir utestengde frå UiB sitt nettverk. Som student kan du laste ned og installere gratis virusvern.

PC-vaktene kan rettleie ved installasjon av virusbeskyttelse og oppkopling mot UiB sine tenester, men gir ikkje generell brukarstøtte på private maskiner.

Universitetet i Bergen har ei rammeavtale for breiband, slik at alle studentar kan få dette til gunstige prisar. Detaljane om dette finn du på nettsidene våre.

PC-stover for HF-studentar

- Rom 313 Sydneshaugen skole. Tilgang med kort 08.00–23.00
- Rom 314 Sydneshaugen skole. Tilgang med kort 08.00–23.00
- Rom 317 Sydneshaugen skole. Tilgang med kort 08.00–23.00
- Rom 318 Sydneshaugen skole. Tilgang med kort 08.00–23.00

Surfe-PC-ar

Fakultetet har PC-ar som er meint for oppslag på uib.no, registrering, e-post og anna informasjonshenting på UiB sine nettsider. Her kan du ikkje skrive ut dokument. Desse maskinene krev ikkje pålogging. Du finn surfe-PC-ar i og utanfor Infosenteret på Sydnesplassen 12/13, i vestibylen i 1. etasje på Sydneshaugen skole og på Griegakademiet (21 på kartet).

PC-vakter

PC-vaktene held til i PC-stova på rom 317 på Sydneshaugen skole, måndag–fredag 10.00–18.00. PC-vaktene gir generell hjelp når det gjeld bruk av PC-ar, programvare, e-post (UiB sin webmail) og hjelp til å finne fram på Mi side.

Lesesalar

Studentane ved HF har lesesalsplassar på Sydneshaugen skole. Lesesalane er felles for alle studentar som tek lågare grad ved fakultet. Lesesalane på Sydneshaugen skole finn du i 1. og 4. etasje.

Opningstider: Inngang A, B og C:

Opne kvardagar mellom 08.00 og 16.00.

Opningstider med kort: Det er kortlesar i døra mot Ivar Aasens gate (inngang E). Tilgang 08.00–23.00 måndag–laurdag, og 08.00–22.00 søndagar.

Fellesteneste for utskrift, kopiering og skanning (pullprint)

Dette er ei betalingsbasert teneste der du betalar for kvar kopi eller utskrift. Skanning er gratis. For å få tilgang til tenesta må du ha ein brukarkonto og gyldig studentkort, som fungerer som betalingskort. I tillegg må du fylle pengar på utskriftskontoen via ei webteneste der du kan betale med kredittkort (Visa/Mastercard).

Ver merksam på at det kan ta opptil ei veke før du kan ta tenesta i bruk, avhengig av kor raskt du klarar å opprette brukarkonto og skaffe deg studentkort.

Universitetsbiblioteket

Universitetsbiblioteket (UB) er eit moderne læringssenter, og er ein del av det faglege og pedagogiske tilbodet ved UiB. UB har avdelingar ved alle fakulteta.

- Biblioteket tilbyr arbeidsplassar med Internett
- tilgang til store boksamlingar
- tilgang til elektroniske tidsskrift, oppslagsverk og annan faglitteratur på nettet
- kurs og rettleiing i informasjonssøking og støtte til oppgåveskriving

Det meste av det som finst av både trykt og elektronisk materiale ved UB kan du søkje fram via UB sin elektroniske katalog BIBSYS eller Bibliotekportalen.

Studentkortet fungerer også som lånekort ved UB. Bruk det aktivt! Du er velkommen som lånar ved Universitetsbiblioteket.

For meir informasjon om UB, sjå uib.no/ub.

Bibliotek for humaniora

Adresse: Haakon Shetelig's plass 7

Opningstider i semestra:

Måndag–fredag kl. 08.30–19.00